

Informasjon ved handleddsbrot

Gipsen blir lagt slik at brotet skal gro i best mogeleg stilling. Etter 10-12 dagar blir dette kontrollert med eit røntgenbilde. Enkelte gongar har brotet sklidd trass gipsbehandlinga, og ein må vurdere om operasjon er naudsynt.

Første døgn må gipsen ikkje dekkast til av kle eller dyne. Den treng luft for å tørke heilt og bli ordentlig hard/fast. [Hugs at gips ikkje tålar vatn.](#)

Medan gipsen er på, er dette viktig:

- Hald handa høgt, for eksempel kvile handa mot motsett skulder. Dette gjeld særleg dei første 1-2 vekene, og dersom fingrane har ein tendens til å hovne
- Beveg fingrane, dvs. knyte og strekke handa fullstendig



- Trene bøy og strekk i albogeleddet. (Ikkje ved gipsa alboge).
- Du skal og løfte heile armen høgt over hovudet slik at skuldra ikkje stivnar



Armen skal ikkje leggjast i fatle. Unntak ved gips over albogen. Etter kvart kan armen brukast til lettare gjeremål, men pass på å ikkje løfte tungt og å ikkje vri underarmen utover smertegrensa.

Gipsbehandling ved eit handleddsbrot varer vanlegvis i ca 4 veker.

[Telefon Skadepoliklinikken: 55 56 87 55](#)